

Har oppdraget til skulen blitt meir komplekst og krevjande enn det var tidlegare? Tilbakemelding frå Utdanningsforbundet til fellesskuleutvalet

Fellesskuleutvalet har stilt spørsmål til Utdanningsforbundet og andre lærarorganisasjonar om korleis norske lærarar opplever situasjonen i klasseromma og korleis utviklinga har vore over tid.

Utdanningsforbundet har sendt dette spørsmålet ut til kontaktforuma våre for grunnskule, vidaregåande opplæring, leiarar og fagleg og administrativt støttesystem. Dei har igjen henta inn tilbakemelding frå lokallag og frå lærarar, leiarar, tilsette i støttesystemet og tillitsvalde på skulenivå. Responser har vore stor, særleg med tanke på den korte tidsfristen. Det kan vere vanskeleg å få innspel frå tillitsvalde, lærarar og leiarar på kort varsel i ein travel kvardag, så det er tydeleg at dette spørsmålet engasjerer. Sentralledet i Utdanningsforbundet har også stilt det same spørsmålet som utgangspunkt for diskusjon på nokre samlingar for tillitsvalde. Innspela frå desse diskusjonane harmonerer i stor grad med dei skriftlege innspela vi har fått.

Vi understrekar at det ikkje har vore mogleg med ein formell organisatorisk handsaming av denne problemstillinga i alle lokallag og fylkeslag. Svara vi har fått inn, er meir spontane. Det gjer at svara i større grad enn i andre organisasjonsmessige høyringar, har form som eit ærleg og spontant augeblikksbilete.

Dette er spørsmålet som Utdanningsforbundet sendte ut i organisasjonen:

I diskusjonar om skulen blir det ofte sagt at kvardagen i klasserommet er meir uroleg, kompleks og samansett no enn før. Har medlemmene våre den same erfaringa? Er det til dømes vanskelegare å få elevane til å konsentrere seg og vere rolegare? Har elevane større behov for tilrettelegging? Er rammevilkåra lærarane har for å lykkes med undervisninga blitt dårlegare?

Vanlegvis er det vanskeleg å gi konsise og eintydige svar på så store og komplekse problemstillingar. Skule-Norge rommar så mange ulike verkelegheiter. Omstenda er særst ulike frå ein fyrste klasse med seksåringer i Oslo til ein yrkesfagklasse i Alta. Skulekvardagen kan også sjå annleis ut for ein leiar, ein lærar, ein tillitsvald eller ein tilsett i støttesystemet. I dette spørsmålet er likevel alle dei som Utdanningsforbundet har fått innspel frå, overraskande samstemte. Kort summert opp har medlemmene våre ei tydeleg oppleving av at noko har endra seg i skulen det siste tiåret. Oppdraget har blitt meir krevjande og komplekst. Det er vanskelegare å få elevane til å konsentrere seg. Mange klasserom er meir urolege enn tidlegare, og det er både større forventningar til og større behov for individuell tilrettelegging for enkeltelevar.

Endra føresetnader hos elevane

Ei av dei tydelegaste tilbakemeldingane frå medlemmene i Utdanningsforbundet er at elevane slit meir med å konsentrere seg enn dei gjorde før. Dette gir seg utslag på fleire

ulike vis. Ikkje minst kan det verke som om evna til å lese lengre tekstar er i tilbakegang. Det same gjeld evna til å konsentrere seg om oppgåver over tid, og særleg dersom oppgåvene er krevjande. Mange lærarar rapporterer om at tolmodet i møte med utfordringar ikkje er det same som før, og at elevane slit med å jobbe på eigen hand med vanskelege oppgåver.

Det er verdt å merke seg at dette er tilbakemeldingar som både kjem frå lærarar på småtrinnet og frå lærarar på dei øvste trinna i studieførebuande utdanningsprogram. Også dei lærarane i vidaregåande som stort sett har elevar som er selektert inn på bakgrunn av gode karakterar, melder det har skjedd ein negativ utvikling i konsentrasjonen til elevane. Dette har skjedd sjølv om elevane deira framleis er ambisiøse, seriøse, hardtarbeidande og fagleg dyktige.

Svekka konsentrasjon hos elevane heng saman med og uro i mange av klasseromma i Skule-Noreg (men ikkje alle). Lærarar og tillitsvalde som har gitt tilbakemelding til Utdanningsforbundet, melder om urolege klasserom, elevar som ofte vandrar mellom pultane eller som stadig forlèt klasserommet utan å seie i frå. Andre døme er at det oftare oppstår konfliktar mellom elevar enn før, at konfliktane kan ende i vald, nokre gonger også alvorleg vald, og at elevar ikkje lenger tek imot beskjedar frå lærar. Slik kan det oppstå ein negativ spiral ved at manglande konsentrasjon fører til urolege klasserom, som igjen gjer det vanskelegare for elevane å konsentrere seg. Denne typen problem er gjenkjennelege for alle som nokon gong har vore i eit klasserom, anten no eller før. Poenget er likevel, ifølgje røynde lærarar og leiarar, at problema har blitt markant verre det siste tiåret. Samstundes presiserer lærarane at elevane er hyggelege og at det i det store og heile er eit godt forhold mellom lærar og elev. Det er liten tvil om at norske lærarar har stor omsorg for elevane sine. Desto meire uroar dei seg for at mange elevar strever meir enn før, både fagleg og personleg.

Lærarane som har gitt tilbakemelding til Utdanningsforbundets sentralledd, har sjølv sagt ikkje noko bombesikker årsaksforklaring på akkurat kvifor det ser ut til at elevane har dårlegare konsentrasjon og er meir urolege enn før. Mange ser likevel problema i samanheng med digitale distraksjonar. Det handlar primært om at lærarar observerer at ulike digitale distraksjonar i klasserommet er ei kjelde til distraksjon og gir dårlegare høve for konsentrasjon. Sekundært ser mange lærarar ein samanheng mellom konsentrasjonsvanskar og den generelle bruken av ulike former for skjermar og sosiale media i samfunnet. Nokre lærarar avsluttar svara sine med ein positiv vinkling og peikar på at det faktisk er mogleg å trene opp konsentrasjonsevna til elevane igjen.

Manglande konsentrasjon heng òg saman med manglande motivasjon. Det er ikkje noko nytt at elevar kjedar seg på skulen. Men ut frå tilbakemeldingane frå medlemmene i Utdanningsforbundet kan det sjå ut som om elevane er mindre motiverte enn før og ikkje er like uthaldne til å halde fram med arbeidet dersom oppgåvene er kjedelege. Det kan også verke som om det i sterkare grad enn tidlegare er ei forventning om at arbeidet på

skulen skal vere motiverande, og at det derfor er mindre toleranse for oppgåver som ikkje skapar motivasjon direkte.

Kraftig auke i behov for tilrettelegging

Ein viktig fellesnemnar i tilbakemeldingane frå lærarar, leiarar og tilsette i støttesystemet er at behovet for individuell tilrettelegging er større enn tidlegare. Dette handlar delvis om at elevane i skulen i dag har eit større behov for individuell tilrettelegging, og delvis om at ulike aktørar har større forventningar til at skulen skal tilby elevane tett individuell oppfølging enn det som var vanleg før. Det kan verke som at pedagogiske utfordringar som tidelegare kunne løysast innafor ramma av fellesskapen, no er forventa løyst gjennom å legge til rette individuelt.

Den auka forventninga om tilrettelegging i skulen handlar både om gje elevar fagleg støtte og om å hjelpe elevar med utfordringar som ikkje er fagrelaterte. Mange lærarar opplever større sprik i det faglege nivået innafor same klasse enn før. Fleire elevar slit med lesing og andre grunnleggjande ferdigheiter, og det er ikkje uvanleg at fleire elevar i same klasse ikkje kan norsk språk på grunn av kort butid i Noreg. Samstundes er det forventa at lærarar skal gje tett oppfølging til elevar med ulike personlege behov for tilrettelegging. Til dømes fortel fleire lærarar om elevar som ikkje kan vere i klasserommet med dei andre, men må ha eige arbeidsstad i mindre rom eller til og med ute på gongen.

Tilbakemeldingane til Utdanningsforbundet sentralt tydar på norske lærar er uroa for at mange elevar ikkje finn seg til rette på skulen, og for fleire elevar enn før har høgt skulefråvær og slit med skulevegring. Kombinasjonen av å vere bekymra for elevane som slit, kombinert manglande tid og ressursar til å følgje dei opp, er krevjande å stå i for lærarar og leiarar. Tilsette i støttesystemet skriv at dei både er uroa for situasjonen til elevane og for situasjonen til lærarane, og dei meiner sist nemnde gruppe ofte verkar meir slitne enn før.

Den moderne foreldrerolla er ein del av dette biletet. Lærarane fortel om at nokre foreldre har store forventningar om at lærarane skal prioritere individuelle tilrettelegging for deira born og unge. Resultatet blir at lærarane står i ei konstant spenning mellom forventninga om individuell oppfølging og å prioritere klassefellesskapen.

Sjølv om nok av auka i behovet for individuell tilrettelegging kan forklarast med at forventningane har blitt større, er det liten tvil om at elevmassen i dag har eit reelt større behov for tilrettelegging. Ikkje minst gir det seg utslag i at fleire elevar enn før har ulike diagnosar.

Det er forventa at lærarar, og særleg kontaktlærarar tar eit heilskapleg ansvar for situasjonen til elevane på og utafør skulen. Det kan til dømes handle om å koordinere ulike dei ulike instansane som følgjer opp ein elev og å engasjere seg i krevjande og kompliserte tilhøve i heim og familie.

Større sprik mellom rammevilkåra og forventningane

I svara vi har fått inn frå organisasjonen, går det igjen som ein raud tråd at norske lærarar og leiarar tek oppgåva med fagleg og utanomfagleg oppfølging av elevane på stort alvor. Problemet er at gapet har auka mellom rammevilkåra som trengst for å gjere jobben og forventningane samfunnet har til oppfølging av elevane og tilrettelegging av opplæringa. Dette skuldast delvis at rammevilkåra faktisk har blitt dårlegare mange plassar, men òg at forventningane til kva skulen skal løyse har blitt så mykje større kombinert med at situasjonen i skulen har blitt mykje meir kompleks og krevjande.

Ingen merker dette gapet tydelegare på kroppen enn norske kontaktlærarar. Kravet til kva ein kontaktlærar skal gjere, har endra seg markant over tid. Ein kontaktlærar i dag skal følgje opp elevane si heilskaplege faglege utvikling, vere bindeledd mellom dei ulike faglærarane til eleven, sikre god og tett kontakt med heimen, koordinere møter mellom ulike oppfølgingsinstansar, administrere og evaluere individuelt tilrettelagt opplæring, følgje opp og dokumentere fråvær, administrere fråværsgransa (i vidaregåande), ta tak i personlege utfordringar for kvar elev og forsøke å løyse dei, fortløpande løyse konflikter i klassemiljøet, identifisere behov for utgreiing av ulike vanskar og diagnosar og koordinere utgreiingsarbeidet, organisere det praktiske rundt opplæringa til klassen og ei rekkje andre oppgåver. Merk at kontaktlærarjobben berre er om lag 4-7 prosent av stillinga til ein lærar. Medan oppgåvene og ansvarsområdet til kontaktlærarane har auka, har det berre skjedd små endringar i den tidsressursen kontaktlærarane har for å gjere oppdraget sitt. (Nokre kontaktlærarar i grunnskulen fekk ei lita auke i tidsressurs ved siste reforhandling av arbeidstidsavtalen).

Situasjonen til kontaktlærarane alvorleg i seg sjølv, men kan òg stå som eit symbol på situasjonen i skulen som eit heile. Rammevilkåra for å gjere jobben som lærarar og leiar er uendra eller i mange tilfelle blitt dårlegare, medan oppgåvene er langt meir krevjande og kompliserte. Klassane er ofte større samstundes som det har blitt mykje vanskelegare å ha store klassar enn før, fordi elevmassen er meir mangfaldig og krava til individuelle oppfølging er større. På toppen av dette er forventningane større til at elevane skal oppnå betre resultat og fullføre og bestå opplæringa, særleg i vidaregåande. Regelverket er meir komplisert, dei individuelle rettane er større og krava til solid dokumentasjon er strengare.

Denne utviklinga er langt frå berre negativ. Større krav og forventningar frå samfunnet kan bidra til å gjere skulen betre. Det høge ambisjonsnivået om å ta vare på kvar enkelt elev fører med seg mykje bra. Kvar dag går norske lærarar, leiarar og tilsette i støttesystemet ut og gjer ein fantastisk jobb for at skulen skal bli så bra så mogleg for alle elevane. Men tilbakemeldingane frå medlemmene i Utdanningsforbundet kan tyde på at systemet er i ferd med å knele under vekten av eigen kompleksitet og avgrensa rammevilkår. Situasjonen er alvorleg, og utsiktene til at han skal bli enda meir alvorleg i

framtida, med innsparingar som mange tilsette i skulen allereie kjenner på kroppen, er sterkt urovekkjande. Dette må fellesskuleutvalet ta på alvor.

Andre kjelder til kunnskap om situasjonen i skulen

Til slutt i dette innspelet vil vi vise til [rapporten frå Utdanningsforbundet til Fellesskuleutvalet om kva norske lærarar meiner er viktig i fellesskulen i framtida](#). Denne rapporten tangerer fleire av temaa vi har drøfta i dette innspelet. Mange av dei same oppfatningane og skildringane av røyndomen i klasseromma som kom til uttrykk i rapporten, blir stadfesta i dette innspelet. Sidan spørsmåla som blei stilt til medlemmer og tillitsvalde ikkje er heilt overlappande, og metodikken heller ikkje er den same, kjem det fram andre nyansar og utdjupingar i denne runden. Rapporten er sjølvsagt eit mykje meir gjennomarbeida og kvalitetssikra produkt enn dette innspelet. Samstundes nådde førespurnaden vår til lærarar, leiarar og tillitsvalde enda breiare ut geografisk denne gongen. Utdanningsforbundet oppmodar utvalet om å lese innspela i dette notatet i samanheng med dei grundige skildringane av lærar- og leiarstemma i rapporten.

Vi minner også om at det i regi av Universitetet i Innlandet er gjennomført ei undersøking av korleis lærarar med meir enn 20 års erfaring opplever at skulekvardagen er endra. Denne undersøkinga viser mange av dei same tendensane som i svara frå medlemmene i Utdanningsforbundet. Også NIFU-rapporten *Vidaregåande opplæring i utvikling og endring (2025)* gir nyttig bakgrunnsinformasjon om kompleksiteten i den norske skulekvardagen.